

Protest mot utbygging av Drangsåna til kraftproduksjon

Clemens Kraft AS som har søkt NVE om å få byggje ut vassdraget til kraftproduksjon. Eg oppmodar Norges vassdrags- og energidirektorat om å komme og sjå på staden. Eg stiller gjerne opp som lokalkjend og syner rundt

Grunneigarane

Me er grunneigarar i området, men har framleis ikkje fått noko varsel om den planlagde utbygginga. Det har heller ikkje dei andre grunneigarane. Eg har vore i kontakt med fleire av desse, og dei er alle imot utbygginga.

Drangsåna og biologisk mangfald

Elvekraft AS har gjeve Ecofast AS i oppdrag å greie ut om det biologiske mangfaldet langs Drangsåna. Dette har Ecofast AS gjort. Firmaet har også kontakta Farsund og Lyngdal Jeger- og Fiskerforening ved Jan Broder Dahl og éin av grunneigarane, Arvid Sverre Drange. Rapporten, som er oppdatert 29. januar 2015, er på heile 32 sider. Konklusjonen er at det planlagde inngrepet blir vurdert til å vere «middels til stort negativt». Det er funne éin raudlista moseart som er sårbar, vasshalemose. I tillegg er det to regionalt sjeldne moseartar, raudstilkhette og steinhutremose. Dessutan vil området få redusert verdi som hekkeområde for fossefall og vintererle.

Me er sjølvsagt samde i at det er viktig å ta vare på det biologiske mangfaldet. Likevel reagerer me på at utgreiinga heilt manglar å syne konsekvensane denne planlagde utbygginga vil ha for den mest høgtståande skapningen, homo sapiens, eller mennesket, for å bruke den vanlegast termen. Kraftstasjonen er tenkt plassert ved den lokale badeplassen som blir nytta frå mai til september til rekreasjon. Det er ikkje berre dei som bur på Drange, som nyttar han. Her kjem folk frå andre stader i kommunen, ja til og med frå nabokommunar for å nyte badelivet i det soloppvarma vatnet og late sola tørke kroppen på dei bare berga. Ei kraftutbygging vil øydeleggje dette området til rekreasjon. Dessutan er eit slikt inngrep irreversibelt. Her finst ingen angreknapp som kan nyttast.

Drangsåna – restaurert kvernhus og offentlege middel

Éin av grunneigarane på Drange, Selmer Frestad, har vore så heldig å få såkalla SMIL-middel til å restaurere eit kvernhus som heldt på å rotne ned. (*SMIL står for søknad om spesielle miljøtiltak i landbruket.*) Dette arbeidet blei ferdigstilt sommaren 2014 under leiing av Alf Rune Vrålstad. I konsesjonssøknaden frå Clemens Kraft AS finn eg dette på side 6:

«Det ser ikke ut til at vannet i Drangsåna har vært benyttet til å drive sag eller møllestein.»

Dette forbausar meg. Tidlegare har det vore fem kvernhus og eitt sagbruk. Kvernene blei brukte så seint som under krigen. Det kvernhuset som er restaurert, er det til og med to bilde av i den biologiske utgreiinga som følgjer konsesjonssøknaden, eitt på side 6 og eitt på side 12. Rettnok er sjølve kvernhuset dekt til av ei presenning som blei lagd over for å ta vare på

det som var att fram til restaureringa. Desse bilda er truleg tekne under synfaringa den 12. juli 2010.

Me er takksame for å ha fått SMIL-middel slik at dette siste kvernhuset er teke vare på. No fryktar me at det planlagde kraftverket skal øydeleggje byggverket som det offentlege har løyvt pengar til for å ta vare på. I tillegg har også grunneigaren investert tid, arbeid og ressursar i dette prosjektet. Kraftstasjonen er nemleg planlagd nett der kvernhuset står.

Drangsåna – fallrettar og juss

Clemens Kraft AS har søkt om konsesjon for å byggje ut Drangsåna til kraftproduksjon les me i avisa. Grunneigarane er ikkje informert om søknaden på førehand. Denne søknaden stør seg truleg på fallrettane som blei selde til William Cooper av Stafford i England og tinglyste i 1897. Då gjaldt det gruvedrift for å ta ut kisel. Dette er ikkje mitt felt, men eg meiner eg lærte då eg gjekk på gymnaset for femti år sidan at slike rettार som var selde utanlands, skulle falle attende etter hundre år, men det kan hende dette er feil.

Seinare selde Cooper desse rettane til selskapet The Anglo Norwegian Kieselgrube Company Limited. Dette er stadfest i ekstrating 10. mars 1899. Den 28. februar 1936 blei Margareth Lowarts eigedommar selde på tvangsauksjon på lensmannskontoret på Sævik. O. r. sakf. Abrahamsen, Farsund, som representerte Margareth Lowart, kjøpte både g.nr 34, b.nr 11 Ofte og g.nr.47 b.nr. 14 Drange. Eg har ikkje funne samanhengen mellom Margareth Lowart og The Anglo Norwegian Kieselgrube Company Limited, men kan tenkje meg at ho er aksjonær i selskapet.

Dette er mine tydingar av kopiar. Eg påstår ikkje at tolkingane mine er rette. Sjølv om handskrift i dokumenta er pen, er det ikkje alltid enkelt å tyde teksta.

No er håpet mitt at Clemens Kraft AS ikkje får konsesjon til å byggje ut Drangsåna til kraftproduksjon, som er noko heilt anna enn utvinning av kisel, som det var meininga fallrettane skulle brukast til i 1897.

Randi Lohndal Frestad

Selmer Frestad

grunneigarar